



--

<b>Arkiv saknr:</b>	2019/636
<b>Løpenr.:</b>	8101/2019
<b>Arkivkode:</b>	150

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Gry Åsne Aksvik

## Forvaltning av særavtale- og konsesjonskraft

### Vedlegg:

- 1 Forvaltning av særavtalekraft og konsesjonskraft
- 2 Forvaltning av særavtalekraft og konsesjonskraft
- 3 Avtale om disponering av konsesjonskraft

### Bakgrunn:

Hausten 2017 fremma rådmannen ei sak om forvaltning av særavtale- og konsesjonskraft. Kommunestyret vedtok 16.11.2017:

- |  |
|--|
| <ol style="list-style-type: none"><li>1. Forvaltning av konsesjonskraft og særavtalekraft skal frå 1. januar 2018 skje i høve til § 3.2. i den inngåtte avtale om disponering av konsesjonskraft i Telemar der Vinje kommune er avtalepart (8-kommunersavtala). Det betyr at forvaltninga skjer gjennom konsesjonskraftstyret.</li><li>2. Dette er ei prøveordning for 2018 og 2019.</li></ol> |
|--|

Det er no ønskeleg å evaluere avtala og avgjere om ein skal fortsette denne ordninga eller finne ei anna løysing. Ei avklaring er også viktig i høve KKST sin prissikringsstrategi.

### Vurdering:

Saka som blei handsama av kommunestyret 16.11.2017 ligg som vedlegg til denne saka. Saka i 2017 var basert på ei sak om sama tema frå 2015. I desse to sakane går det fram at Vinje kommune ville hatt større utbytte ved å legge volumet inn til forvaltning hos Konsesjonskraftstyret i Telemark (KKST). Samstundes har KKST vedteke ein sikringsstrategi som gjer at inntekta framover i tid er sikra.

Innan 1. desember kvart år må Vinje kommune melde inn til Statkraft kor mykje særavtale- og konsesjonskraft som skal takast ut for kommande år. Kommunen har over fleire år no tatt ut all tilgjengeleg særavtalekraft, samt noko konsesjonskraft. Totalt for 2018 melde ein om utak av 138 952 MWh, dette volumet blei lagt til grunn i årsbudsjett 2018. Ut frå dette og

forventa pris på det tidspunkt årsbudsjett 2018 blei lagt la ein inn ei venta inntekt for 2018. Inntekta blei justert opp i 1. og 2. tertial, i tråd med prognose frå KKST.

Hausten 2018 justerte KKST ned forventa forbruk i Vinje til 136 236 MWh, utan å ha dialog med kommunen. Denne justeringa førte også til ned justering av Vinje sin del av inntektene. Plan- og økonomisjefen kontakta kraftlaga for å kontrollere om ei slik ned justering var i tråd med venta forbruk i 2018. Både Rauland kraftforsyningslag og Vest-Telemark kraftlag kunne rapportere om auka forbruk i konsesjonsområde, og venta høgare forbruk enn det ein venta hausten 2017 for 2018. Dette blei tatt opp med dagleg leiar i KKST, som skulle tatt saka opp med styret. Vinje sitt syn blei den gang uansett ikkje tatt til følge. Rådmann i Vinje valde å ikkje å ta omsyn til revidert budsjett frå KKST ved siste sluttjustering av budsjettet for 2018, da det ville ført til unødige kutt i drifta. Kraftinntektene er med på å legge føringar for drifta i kommunen, det er derfor viktig med god dialog og samarbeid rundt budsjett og justeringa av budsjett.

Kraftlaga har rapportert om eit forbruk på 140 519 MWh for 2018. Altså høgare enn prognosa ein la til grunn frå kommunen si side, og vesentleg høgare enn justeringa KKST gjorde i sitt reviderte budsjett for 2018. Ei slik justering får store konsekvensar for kommunen og kan føre til at det blir satt inn tiltak for å redusere drifta som ikkje er reelle. Våren 2019 har KKST gått tilbake på dette punktet og vedteke at ein skal ta omsyn til forbruksprognose frå kommunane, når desse er grunngjeve. Det er bra styret har gått tilbake på dette, men det opplevast som tungrodd når saker som dette må gå via styret før Vinje sitt syn blir tatt omsyn til. Inntekt frå sal av særavtale- og konsesjonskraft er midlar kommunen kan nytte fritt. Vinje kommune er avhengig av at budsjettet er så reelt som råd og at justeringar blir gjort ut frå faglege argument og i dialog med kommunen, slik at ein har høve til å justere drifta etter dette. Tett og god dialog er her viktig.

I Vinje blir det arbeida med ulike næringsetableringar og nokon av desse fell under definisjon alminneleg forsyning. Det betyr at Vinje i framtida kan ta ut ein større del av konsesjonskrafta enn i dag, dersom desse blir realisert. Før ein la volumet inn i KKST var det avtaler med kraftlaga om forvaltning av krafta. Desse avtalene fungerte godt og ein hadde/har ein god dialog med kraftlaga. Rådmannen rår derfor til at ein tek kontakt med kraftlaga og andre aktørar om forvaltning av kraft relatert til alminneleg forsyning. Dersom ein går inn for ein slags sikringsstrategi er det viktig at Vinje kommune har høve til å påverke det som gjeld vår portefølje, både når det gjeld mengde og pris.

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

<p><b>Vinje kommune avsluttar ordninga med forvaltning av særavtale- og konsesjonskraft gjennom Konsesjonskraftstyret i Telemark frå 2020. Formannskapet får fullmakt til å inngå avtale med annan forvaltar.</b></p>
---

Rådmannen, 03.04.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/